



11.07.2012

Arbeidsdepartementet
postmottak@ad.dep.no

Arkivsak: 12/1840
Løpenr.: 12/8812
Sakshandsamar:
Jarle Skartun

Høyringsuttale – NOU 2012: 6 Arbeidsretta tiltak.

Luster kommune meiner det er viktig at arbeidet med arbeidsretta tiltak for personar med redusert arbeidsevne vert prioritert. Å ha eit arbeid er viktig for å kunna oppleve meistring og utvikling, auka sjølvkjensle, utvikla gode sosiale nettverk og få struktur på livet og tida si. Mange av desse yrkeshemma personane vil ha trong for varig tilrettelagde («skjerma») arbeidsplassar eller spesielt tilpassa arbeidsplassar i ordinære verksemder.

Luster kommune har prioritert dette arbeidet og meiner kommunane og må ha ei sentral rolle i dette arbeidet i framtida. At kommunane og eig leverandørar som skal levere attføringstenester til NAV ser kommunen på som viktig. Dette vil vere med å gi heilskap, samordning og langsiktigheit som er viktig for brukarane.

Kommunalt eigarskap vil og representere stabilitet og føreseielege vilkår for attføringsbedriftene. Dette vil sikra kompetente attføringsbedrifter. Og ikkje minst vil kommunalt eigarskap vere svært viktig for å sikre eit geografisk likeverdig tilbod til brukarar i heile landet.

Parallelt med ein styrka innsats for varig tilrettelagde arbeidsplassar i skjerma verksemder må ein ha fokus på yrkeshemma sine mogelegheiter til å få arbeid i ordinære verksemder. Modellar for integrering av yrkeshemma i ordinære verksemder må det satsast meir på. Ein bør ma. prøva ut effekten av løns- og integreringstilskot til ordinære verksemder som tek inn yrkeshemma, i tillegg til oppretthalding av dei økonomiske bidraga til «skjerma verksemder» som driv oppfølging av yrkeshemma utplassert i ordinære verksemder.

Luster kommune vil elles peika på behovet for godkjenning av varig tilrettelagde arbeidsplassar med statsstøtte (VTA, tidlegare ASVO) i Luster.

Luster kommune vil som hovudpunkt og oppsummering støtta at modell 1 vert lagt til grunn for vidare arbeid med dei arbeidsretta tiltaka, jf kap. 17 pkt 17.3.

Med helsing.

Ivar Kvalen
-ordførar.

Vedlegg: Uttale frå rådet for funksjonshemma i Luster.